



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
93/26	Formannskapet	01.09.2026
	Kommunestyre	

Tilbygg til hall på Fiskå - buldrehall

Samandrag:

Vanylven klatre- og padleklubb har bedt om løyve til å setje opp ein "buldrehall" inntil idrettshallen på Fiskå.

Kommunedirektøren har hatt møte med representane for klubben og legg med dette fram ei sak for politisk avklaring.

Formannskapet 01.09.2026

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - Ap 2, Frp 1, H 1, INP 1, SP 2

Stemmer:

Per-Johnny Brekke (H)

Nils Olav Moen (INP)

Paul Sindre Vedeld (SP)

Elisabet Lauvstad Haugen (Frp)

Merete Vatne (SP)

Njål Sivertstøl (Ap)

Caroline Juul (Ap)

Mot: 0 stemmer (0%)

FO - 93/26 Vedtak

Kommunedirektøren si tilråding:

Vanylven kommune er positiv til å inngå avtale langtidsleige av grunn for oppsetting av ein buldrehall inntil Fiskå idrettshall.

Kommunedirektøren si tilråding:

Vanylven kommune er positiv til å inngå avtale langtidsleige av grunn for oppsetting av ein buldrehall inntil Fiskå idrettshall.

Saksopplysningar:

Vanylven klatre- og padleklubb (klubben) tok kontakt med Vanylven kommune 26. februar 2026:

"Vanylven klatre- og padleklubb er i oppstartsfasen med å planlegge et nytt buldrerom.

I denne sammenheng lurer vi på om det går an å bygge dette som et tilbygg til hallen på Fiskå.

Vi har i første omgang tenkt på noe ala dette (den lyseste delen er det nye tilbygget):



Så vidt vi forstår blir dette da på kommunal grunn.

Vi forstår selvsagt at det ikke kan gis en uforbeholden forhåndsgodkjenning til bygging, men vi lurer på om det går an å si noe om det i det hele tatt er realistisk å få til noe sånt som dette, eller om området er tenkt til annet bruk slik at det uansett ikke blir aktuelt."

Kommunen inviterte klubben til møte, og viste til at kommune i utgangspunktet er positive til slike tiltak og at dette må sjåast i samanheng med planleggingsarbeidet som pågår knytt til bygging av ny ungdomsskule.

Kommunedirektøren viser til for at Vanylven klatre- og padleklubb skal kunne kome vidare med planane, så må det liggje føre eit politisk vedtak, slik at klubben får langtidsleige av grunn til å seite opp ein buldrehall. Klubben sjølv om ta ansvar for om dette er tilstrekkeleg når det gjeld søknad om spelemidlar til ein slik buldrehall.

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren viser til at dette er eit tiltak som blir gjennomført at Vanylven klatre- og padleklubb, og vil tilrår at kommunen inngår avtale med Vanylven klatre- og padleklubb om langtidsleige av grunn.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Dette vil vere eit aktivitetstilbod som vil vere positivt for folkehelsa.

Miljøkonsekvensar: ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: Den økonomiske konsekvensen vil kunne vere forskottering av meirverdiavgift og eventuelt spelemidlar

Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: Dette vil vere eit aktivitetstilbod som vil vere positivt for barn og unge.

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør